

## Enklare å sende driftsplansøknad

Frå måndag 9. september vert driftsplanskjemaet i Altinn kopla mot Fiskeridirektoratet sitt akvakulturregister. Det vil gjere det enklare for oppdrettarane å søkje om å få godkjend drifta si for neste år. Søknadsfrist: 1. oktober.

- Vi arbeider stadig med å forbetre og forenkle prosessen med driftsplansøknader, seier seksjonssjef Henrik Hareide ved tilsynsseksjonen i Fiskeridirektoratet. Koplinga mot akvakulturregisteret er ein viktig del av dette forenklingsarbeidet.

### Kan kopiere og redigere fjorårets plan

Ein kan framleis kopiere fjorårets sist godkjende plan, og redigere denne slik at den viser driftsplan for 2014-2015.

No kan ein hente informasjon om lokalitetane frå registeret når ein fyller ut skjemaet.

Dersom ein skal leggje til nye lokalitetar, vel ein desse frå ei liste over selskapet sine lokalitetar. Lista er sortert slik at den berre viser selskapet sine lokalitetar i den av Fiskeridirektoratet sine regionar som driftsplanen gjeld for.



Lokalitetsnamn vert henta automatisk.

### Løyve på lokaliteten vert henta automatisk

Alle løyva som høyrer til lokaliteten vert henta automatisk når ein legg inn eit utsett. Ein må stadfeste om alle løyva skal brukast i utsettet eller ikkje.

Dersom ikkje alle løyva skal brukast, kan ein redigere lista over løyve slik at den stemmer med utsettet.

